

Foreldrerådets arbeidsutval

REFERAT FRA ORDINÆRT MØTE 14.02.2024

Deltakarar på møte

Ane M. Rong (6A), Pavlina Kvamme (2A/4A), Kjell-Are Torkildsen (6B), Hege Algrøy (3A), Stine Marie K. Østrem (5B), Kastidi Gaustad (2B), Bjørn Tore Wilhelmsen (3B), Gwenwhyvar Rachael Ellis (1AB), Kjersti Dagestad (5A), Hilde-Kristin Egeland (4B)

Aktuelle saker

1. Oppsummering SU

1. Utgifter til skidag og leirskule:

- FAU sponsar allereie buss til skidag og TL programmet årleg. Dersom ikkje FAU kan bidra med kostnader til leirskule må skulen sjølv sikre dette.
- Ønsker å kartlegge bruk av BUA for skileige neste år, dersom skulen nyttar same leirskule.
- Leirskulen i år måtte utsetjast 1 veke på grunn av vêrforhold

2. Foredrag med MOT-supermarte 13.januar:

- 50 foreldre deltok. Gode tilbakemeldingar frå dei som deltok. Ønskjer at fleire foreldre kan delta.

3. Elevrådet ønsker aldersblanda friminutt

- Skulen skal prøve dette ut. Planane er å ha dette i eit friminutt, men ein må framleis dele bruk av fotballbinge i desse friminutta pga. stor pågang i bruk.

4. Utelys

- Utelys skal oppgraderast saman med oppgradering med uteområde
- Det er planlagt å reparera alle defekte lys.

5. Tilrettelagt læring for barn med utfordringar

- Kvar enkelt lærer prøver å tilpasse ut frå behov i sin klasse. Bruker bland anna tiltak som spesial pedagog, lesegrupper, lesetårn, variert undervisning og skulehund.

6. Skjermtid på skulen

- Skjermtid nyttast som pedagogisk læremetode. I lunsj ser klassen ofte på supernytt og diskuterer det dei ser i etterkant. Skulen håper at foreldene har forståing for at lærarane gjer det dei tenker er best for borna.

7. Uteområde:

- Rektor skal i møte med eigeidom på fredag angående framgang.
- Det er budsjettert 5 mill. Planane kostar 11 mill, så det må prioriterast kva som skal gjerast i første omgang.
- Håper på svar på anbod før sommarferien. Men er ikkje sendt ut per dags dato.

8. Tilgjengeleg sanitærbind til jenter

- Skulen har kjøpt inn bind. Dette ligg hos Aina, slik at jenter kan kontakte henne ved behov

2. Dusj ved basseng

Informasjon: Det er kome tilbakemelding på at det er dårleg trykk i dusjane, og nokre fungerer ikkje i det heile. Temperaturen endrar seg plutsleg og det kan komme kokande vann som gir risiko for skolding.

Tiltak: Bedt rektor melde dette vidare.

3. Overgangsfelt

Informasjon: Det opplevast at manglande overgangsfelt mellom skulen og BUA, samt kryss ved innkørsel til skule og bussterminal bidrar til utrygg skuleveg.

Drøfting: Det bermerkes at det også er utfordrende med større hol i vegbanen som kan gi skade på bilar som kjører her. Kan dette ses på i samband med overgangsfelt.

Tiltak: Stine (5B) sjekker ut kven som har ansvar for vegdekke ved Hamramyra og melder inn problem med overgangsfelt og hol i vegbanen. Dersom overgangsfelt ikkje kjem på plass, må ein få på plass overgangsvakt.

4. Diskotekarrangement

Informasjon: Etter å ha redusert inngangspengar har inntektene til FAU gått ned

Tiltak: Ønskjer å halda inngangsprisen nede, men vil auke pris på mat/godteri sidan pris ved innkjøp er gått opp.

5. Søkje midlar

Informasjon: Tilskuddsportalen inviterer til kurs for alle frivillige lag og organisasjonen om korleis ein kan nytta tilskuddsportalen for å søkje midlar. Dette gjeld ikkje kommunale midlar. Behov vor ein som kan ta ansvar for å søkje midlar for FAU.

Tiltak: Hilde-Kristin legg ut informasjon om dette på FAU sin Facebook side.

6. 17.mai

Informasjon: Pris til leige av korps har gått opp. Koster nå 8000kr. Ønsker å søkje om arrangementstilskot for dette og andre utgifter til 17.mai. Leiar av 17.mai komiteen tar ansvar for søkje om dette

7. Bord og stoler

Informasjon: SU meinte at hallen burde ha ansvar for å ha bord og stoler til arrangement då dei leiger den ut. Då å evt. bordene FAU ha kjøpt inn kjøpast av kommunen.

Ønsker å ha nokre bord på skulen for bruk her ved arrangement. Skulen kan då også være behjelpeleg med evt. utleie av desse.

Drøfting: Dersom kommunen kjøper inn bord til hall, må vi sikre at vi har førsteprioritet til borda ved leie til 17-mai. Sikre avtale med kommunen om dette.

8. Eventuelt

- **Byttedag:** Liten oppslutning, men de som kom var svært nøgd. Det vart levert inn flott tøy og utstyr av høg kvalitet. Prøver på nytt til våren.
- **Marknad i gymsalen:** Ønsker å arrangere vintermarknad. Leie bord for 100kr for ei helg og FAU kan stille med kafé for å skaffe inntekter.
- **Prosjekt Nyskapande Aktivitetsanlegg Ågotnes:** Ønskjer å få eit bygg mellom skulen og Ågotneshallen. Kommunen er med på prosjektet som nå er i ein forprosjektsfase. Ihuga arkitekt har fått oppdraget og skal ut å besøke Ågotnes i mars. Då er det ønskeleg å prate med born, ungdom, FAU, skule og andre aktørar for å kartlegge behov, ønske.
- **Førstehjelpsskrin:** Det er ønskeleg at FAU har eit eige førstehjelpsskrin til arrangement som 17.mai, disko og liknande. Pavlina skal skaffe via jobb.
- **Samarbeid Tranevågen:** Dersom tranevågen ønskjer å arrangere noko for elevane på barneskulen vil FAU støtte dette.
- **Foredrag om Hærverk, Narkotika og Vald på Ågotnes og Straume:** Barneskulen var ikkje invitert. Melder inn ønske om kunne delta på slike foredrag ved seinare anledningar då det er snakk om nærområdet til skulen. Politiet meldte om betring av situasjonen som har vore.